



SAKSHANDSAMAR

Unni Grønn
Kaare Stang

VÅR REF.
10/01112-6

ARK. B - Bygninger
307 (Vereide) Gloppen - SF

DYKKAR REF.

INNVALSTELEFON

DYKKAR DATO

VÅR DATO
14.05.2014

TELEFAKS
+47 22 94 04 04
postmottak@ra.no
www.riksantikvaren.no

✓
19/15-14

Se mottakarliste

KOPI

Osmundnes 34/ 2-5 og 7- I GLOPPEN KOMMUNE - VEDTAK OM FREDING MED HEIMEL I LOV OM KULTURMINNER § § 15 OG 19 JF. § 22

Vi syner til forslag om freding for Osmundnes, gnr. 34, bnr. 1-5 og 7 i Gloppen kommune dagsett 28.02.2011. Forslaget har vore på høyring hjå aktuelle partar og instansar.

På grunnlag av dette fattar Riksantikvaren følgjande vedtak:

VEDTAK:

Med heimel i lov om kulturminne av 9. juni 1978 nr. 50 § 15 og § 19 jf. § 22, fredar Riksantikvaren Osmundnes, gnr. 34 bnr. 1-5 og 7 i Gloppen kommune.

Omfanget av fredinga

Eigedomsopplysningane er henta frå det nasjonale eigedomsregisteret, Matrikkelen. Fredinga etter § 15 omfattar følgjande bygningar:

- *Gnr/bnr 34/2 bygningsnr. 178448064 Naust (Askeladden ID 127646-1)*
- *Gnr/bnr 34/2 bygningsnr. -178448072 Naust (Askeladden ID 127646-4)*
- *Gnr/bnr 34/3 bygningsnr.-178447882 Sommarfjøs (Askeladden ID 127646-2)*
- *Gnr/bnr 34/3 bygningsnr.-178447890 Låve med stall (Gamleløa) (Askeladden ID 127646-5)*
- *Gnr/bnr 34/3 bygningsnr.-178507141 Stall (Askeladden ID 127646-6)*
- *Gnr/bnr 34/3 bygningsnr.-178447939 Våningshus – skulestova (Askeladden ID 127646-7)*
- *Gnr/bnr 34/3 bygningsnr.-178447904 Samanbygd stabbur og eldhus (Askeladden ID 127646-8)*

- *Gnr/bnr 34/3 bygningsnr.-178447912 Våningshus – nystova
(Askeladden ID 127646-9)*
- *Gnr/bnr 34/3 bygningsnr.-178447920 Vedskjul eller «skytja»
(Askeladden ID 127646-10)*
- *Gnr/bnr 34/3 bygningsnr.-178447947 Våningshus
(Askeladden ID 127646-11)*
- *Gnr/bnr 34/3 bygningsnr.-178447955 Løe med fjøs – nye lada
(Askeladden ID 127646-12)*
- *Gnr/bnr 34/3 bygningsnr.-178448056 Løe med naust
(Askeladden ID 127646-18) ligg på gnr. bnr.34/7*
- *Gnr/bnr 34/3 bygningsnr.-178448048 Naust
(Askeladden ID 127646-19)ligg på gnr. bnr. 34/7*

- *Gnr/bnr 34/4 bygningsnr.-178447963 Låve med stall
(Askeladden ID 127646-13)*
- *Gnr/bnr 34/4 bygningsnr.-178447971 Våningshus – nystova
(Askeladden ID 127646-14)*
- *Gnr/bnr 34/4 bygningsnr.-178447998 Våningshus – stova
(Askeladden ID 127646-15)*
- *Gnr/bnr 34/4 bygningsnr.-178448005 Fjøs
(Askeladden ID 127646-16)*

- *Gnr/bnr 34/5 bygningsnr.-178448080 Naust
(Askeladden ID 127646-17)*

Fredinga omfattar eksteriøret med vernemurane.

Fredinga omfattar interiøret til bygningane, med unntak av det som er nemnd i fyrste avsnitt på s 3.

Fredinga inkluderer hovudelement som planløysing, materialbruk og overflatahandsaming og detaljar som vindauge, dører, gerikter, listverk, eldstadar og fast inventar. Lagra bygningsdelar som til dømes utskifta vindauge og dører høyrer med til fredinga.

Fredinga omfattar det lause inventaret:

- *ei telgja bord/bordplate*
- *ei flatbrødkasse*

*Dei to gjenstandane finst i Stabburet til gnr/bnr. 34/3 bygningsnr. -178447904
(Askeladden ID 127646-8):*

Følgjande interior er ikkje omfatta av fredinga:


Stallen på gnr/bnr. 34/3 bygningsnr.-178507141 (Askeladden ID 127646-6)

Skulestova gnr/bnr. 34/3 bygningsnr.-178447939 (Askeladden ID 127646-7): interiøret i det nyare tilbygget under pulttaket mot nord.

Våningshus gnr/bnr 34/3 bygningsnr.-178447947 (Askeladden ID 127646-11): interiøret i det nyare tilbygget under pulttaket aust på nordveggen.

Nystova på gnr/bnr. 34/ 4 bygningsnr.-178447971 (Askeladden ID 127646-14): interiøret i badet som er innreia i kammerset sør for gangen.

Fredinga etter klm § 15merka på kartet nedanfor



Fredinga etter kml § 19 omfattar heilt eller delvis dei bruka der dei freda bygningane står, og i tillegg delar av bruk nr. 1, slik som merka av på kartet nedanfor. Området som fredast etter kml § 19 omfattar og ruinar og tufter etter bygningar, og det utflytta tunet til bruk nr. 2.



Formålet med fredinga

Formålet med fredinga er å bevare Osmundnes som eit kulturhistorisk viktig døme på eit gammalt klyngetun i Nordfjord, bygd og drive under særleine naturtilhøve.

Formålet er òg å ta vare på verdfulle uttrykk for den historiske utviklinga til gardane og bygningane.

Formålet er vidare å ta vare på viktige bygningshistoriske og arkitekturhistoriske trekk ved Osmundnes, både den spesielle utforminga som syner korleis menneska har tilpassa seg naturkreftene, og dei særsynte konstruksjonsformane i fleire av uthusa.

Formålet med fredinga skal sikre enkeltbygningane, den innbyrdes samanhengen mellom bygningane, og kulturhistoriske verdiar knytte til anlegget som heilskap.

Fredinga av eksteriøret skal sikre bygningane sin arkitektur. Både hovudstrukturen i det arkitektoniske uttrykket og detaljeringa så som fasadeløysing, opphavleg/eldre vindaug og dører, materialbruk og overflater, skal haldast ved lag.

Formålet er vidare å ta vare på rominndeling, bygningsdelar og overflater i dei delane av interiøra som er kulturhistorisk interessante. Fast og spesifisert laust inventar skal bevarast som ein del av interiøret. Av interiør og fast inventar kan til dømes nemnast dei eldre båsane i fleire av fjøsa, og det godt bevarte 1800-tals interiøret i Nystova på bruk 4.

Formålet med fredinga av området rundt bygningane er å sikre verknaden i miljøet, og å sikre vitenskaplege interesser knytte til anlegget. Området syner landbruket sitt kulturlandskap, med ferdselsveggar, beite og tidlegare dyrka flater, steingardar, bakkemurar, frukt- og lauvingstre. Det marine miljøet kring nausta er og omfatta av denne fredinga, med brygge og stører/vorrrar.

Føresegner for freding

Føresegnene for fredinga er utforma i samsvar med føremålet med fredinga og gjeld i tillegg til kulturminnelova sine føresegner om vedtaksfreda kulturminne frå nyare tid, jf kulturminnelova §§ 15-19

For §15 gjeld desse føresegnene:

- 1. Det er ikkje tillate å rive, skade eller flytte bygningane eller delar av dei.*
- 2. Det er ikkje tillate å byggje om eksteriør eller interiør til bygningane. Unntatt frå dette er eventuelle tilbakeføringar, jf. § 5, og dei unntaka frå interiørfredinga som går fram av omfanget av fredinga.*
- 3. Det er ikkje tillate å skifte ut bygningsselement eller materiale, forandre overflater eller utføre anna arbeid ut over vanleg vedlikehald på eksteriør, interiør eller konstruksjonar på bygningane. Unntatt frå dette er eventuelle tilbakeføringar jf. punkt 5, og dei unntaka frå interiørfredinga som går fram av omfanget av fredinga.*
- 4. Alt vedlikehald og all istandsetjing skal skje med materiale og metodar som er i tråd med bygningen sin eigenart og på ein måte som ikkje reduserer dei arkitektoniske og kulturhistoriske verdiane.*
- 5. Tilbakeføringar til opphavleg eller tidlegare utsjånad og/eller konstruksjonar kan det gjevast løyve til i særlege tilfelle under føresetnad av at tiltaket kan gjerast på eit sikkert, dokumentert grunnlag og etter dispensasjon frå kulturminnestyresmaktene.*
- 6. Laust inventar som inngår i fredinga, jf. spesifikasjon, må ikkje skadast eller fjernast frå stabburet der det høyrer til.*

For §19 gjeld desse føresegnene:

- 1. Innanfor det freda området må det ikkje verte sett i verk tiltak eller bruksendringar som kan forandre området sin karakter eller på anna måte motverke formålet med*

fredinga. Dette gjeld alle former for busetnad, anlegg og utviding av veg eller parkeringsplass, oppsetjing av gjerde, skilt, endring av planting eller belegg, planering, utfylling og andre landskapsinngrep.

2. *Tilbakeføring av kulturlandskapet, ved å fjerne nyare vegetasjon og/eller innføre driftsmåtar som held landskapet ved like vil vere positivt. Dette bør skje i samråd med kulturminnestyresmaktene.*

Følgjer av fredinga

Lovheimel

I medhald av kulturminnelova § 15a og §19 tredje ledd kan departementet i særlege tilfelle gje dispensasjon frå fredinga og fredingsføresegnene for tiltak som ikkje fører med seg vesentlege inngrep i det freda kulturminnet eller området. Dispensasjonsmyndet er delegert til Sogn og Fjordane fylkeskommune med Riksantikvaren som klageinstans.

Når det gjeld handsaming av freda hus og anlegg og område, vert det vist til kulturminnelova §§ 15a, 16, 17, 18 og 21, og ovannemnde fredingsføresegner.

Arbeid som krev løyve etter plan- og bygningslova, må i tillegg leggjast fram for kommunale styresmakter. Det blir gjort merksam på at løyve etter kulturminnelova må ligge føre før arbeid i tråd med plan- og bygningslova kan settast i verk.

Vedlikehald

Det er eigar som har ansvar for det jamne vedlikehaldet av freda bygningar og anlegg. Det grunnleggjande prinsippet for vedlikehald av freda bygningar er å bevare mest mogleg av dei opphavlege eller eldre bygningselementa og detaljar som kledning, vindauge, dører, listverk, gerikter og overflatebehandling. Vedlikehald av freda bygningar og anlegg skal så langt som mogleg skje i samsvar med opphavleg utføring, teknikk og materialbruk og i samsvar med fredingsføresegnene.

For meir informasjon om vedlikehald og forvaltning av freda bygningar og anlegg, viser me til Riksantikvarens informasjonsblad, www.riksantikvaren.no publikasjoner/informasjonsark.

Løyve

Fredinga medfører at det må søkjast om løyve/dispensasjon til å setje i gong alle typar tiltak som går ut over vanlig vedlikehald, jf. kulturminnelova §15a og § 19 tredje ledd. Søknad om løyve skal sendast fylkeskommunen som avgjer om tiltaket kan settast i verk, ev. på visse vilkår. Oppstår det tvil om kva som vert sett på som vanleg vedlikehald, skal fylkeskommunen likeins kontaktast.

Økonomisk tilskott

Det er høve til å søkje fylkeskommunen om tilskot til vøling og arbeid med istandsetjing. Dersom krav i medhald av kulturminnelova § 15a verkar til å gjere arbeidet dyrare, skal det gjevast heilt eller delevis vederlag for dei antikvariske meirkostnadane. Fylkeskommunen kan gi informasjon om frist for innsending av og krav til søknad. Fylkeskommunen kan likeins gje råd om kva det kan søkjast om og om informasjon om korleis søknadene vert handsama.

Kort karakteristikk av kulturminnet

Forslag om freding omfattar 18 bygningar på garden Osmundnes. Størstedelen ligg samla i klyngjetunet om lag 100 meter opp frå fjorden, medan fem naust utgjer eit eige bygningsmiljø nede ved sjøen mot vest. Eit bruk er flytt frå klyngjetunet til ei plassering nærare sjøen. Saman

med kulturlandskapet rundt er dermed Osmundnes eit komplett gardsmiljø, med hovudvekt på agrare ressursar, men med klar tilknytning til kystkulturen – fjorden var næringskjelde og den einaste ferdsleveggen til omverda.

Garden er nemnd i kjelder frå mellomalderen, og det er og materielle spor frå denne tida bevart på garden i dag. Enkelte bygningar kan ha særskild høg alder, og elles er det grunn til å tru at undersøkingar innafor det freda området kan datere enkeltminne og drifta generelt langt tilbake i tid. Hovudtyngda av bygningane slik dei står i dag er truleg frå perioden 1700 – 1900, men i tillegg til at nokre enkeltbygningar kan være eldre, er det høgst truleg at hovudtrekka ved plasseringa av dei er gamle. Vernemurane har gjeve rammer for kor husa kunne stå, og den nemnde plasseringa av driftsbygningane øvst oppe talar i same retning.

Mot den bratte og skredutsette fjellsida mot øst ligg dei kraftige vernemurane – dels samanhengande – inn mot austgavlen på bygningane, eller dei utgjer sjølve gavlen.

Driftsbygningane ligg lengst oppe, med bustadhusa nedanfor «i ly» av dei. Alle husa ligg med mønet i same retning, dels på rekkje. Framfor tunet går ei særskild bratt skråning ned mot sjøen der dei fem nausta ligg.

Alle husa har ei enkel og funksjonell utforming. Bustadhusa har liggande panel, og detaljar som dører og vindauga er frå siste del av 1800-talet, sjølv om konstruksjonen gjerne er eldre.

For nærare skildring av kulturminnet syner me til den vedlagte dokumentasjon.

Vurdering av kulturminnet – grunngjeving for fredingsvedtaket

Sogn og Fjordane fylkeskommunes grunngjeving for fredinga er å ta vare på eit representativt utval kulturminne som på best mogleg måte speglar dei ulike sidene ved den materielle kulturarven i fylket. Fylkeskommunen ynskjer å framheva kystkulturen og dei meir marginale gardane i fylket. Det er lite freda av dette i fylket. Vidare vurderer fylkeskommunen at denne garden representerer ein bu- og tunform (klyngjetunet) som har vore vanleg på Vestlandet, men som det i dag lite att av. Den syner andre levevilkår og eit anna ressursgrunnlag enn mange av dei andre freda kulturminna i fylket. Vidare er garden representativ for dei gardane som hadde fiske som attåttnæring og fjorden som hovudferdsleveg. Å frede Osmundnes vil komplettere kulturhistoria og fredingslista for fylket.

Fylkeskommunen ynskjer vidare å frede Osmundnes på grunn av den unike byggjeskikken med dei eineståande vernemurane. Dette syner ei tilpassing til dei dramatiske naturtilhøva på staden for å kunne utnytte dei elles gode ressursane. Vernemurane er eit sterkt uttrykk for dei kreftene som finns i naturen og som brukarane på Osmundnes tilpassa seg. Anlegget med bygningar, murer og omkrinsande landskap har og stor kunnskap- og dokumentasjonsverdi. Dei mange eksempla på byggeteknikkar, eldre beresystem og konstruksjonsteknikkar som ligg føre i uthusa, bidreg særleg til at kunnskapsverdiane og dei vitskaplege kjeldeverdiane ved anlegget bevarast. Heilskapen i anlegget, med kulturlandskap og storslått natur omkring, bidreg til opplevingsverdi ved dette kulturminnet.

Sogn og Fjordane fylkeskommune si vurdering er at Osmundnes, med tunstrukturen, vernemurane, enkeltbygningane, naustmiljøet og det kringliggande kulturlandskapet, er eit kulturminne av nasjonal verdi. Me vil særleg framheve det eineståande systemet av vernemurar, og organiseringa av husa i tunet framfor dei, som ei hovudårsak til å føreslå freding. Osmundnes er og representativ for eit vestlandsk klyngjetun kor jordbruk og dyrehald har vore supplert med fiske. Det er og viktige og sjeldsynet ekseplar på byggeskikken i Nordfjord i husa på tunet. Osmundnes har stor estetisk verdi og opplevingsverdi.

Riksantikvaren sin vurdering

Riksantikvaren støtter fullt ut fylkeskommunen si vurdering av Osmundnes. Vi har i dag få godt bevarte klyngetun att. Osmundnes fortel ei tydeleg historie om bu- og driftsformar i eit område med dramatiske naturtilhøve. Anlegget med bygningar, murar og omkransande landskap har stor kunnskaps- og opplevingsverdi. Osmundnes er eit kulturminne av nasjonal verdi.

Fredinga er og i tråd med Stortingsmelding nr 16 (2004-2005) «Leve med kulturminner» og Meld. St. 35 (2012-2013) «Framtid med fotfeste»

Lovgrunnlag

Det følgjer av kulturminnelova § 15 jf. §22 at departementet kan frede byggverk og anlegg eller delar av dei av kulturhistorisk eller arkitektonisk verdi. Det følgjer vidare av § 19 at departementet kan frede eit område rundt eit freda kulturminne så langt det er nødvendig for å bevare verkanden av kulturminnet i miljøet eller for å verne vitskapelege interesser som knyter seg til det. Mynde til å fatte vedtak om freding er delegert frå Klima- og miljødepartementet til Riksantikvaren jf. forskrift om fagleg ansvarsfordeling mv. etter kulturminnelova av 9. februar 1979 § 12 nr. 1.

Lokalisering og eigedomsforhold. Reguleringsstatus

Garden Osmundnes ligg i Gloppen kommune, på austsida om lag halvvegs inn i Hyefjorden (vert og skrive Hyenfjorden), som er ein ti kilometer lang sørvendt arm i den indre delen av Nordfjord. Tunet på Osmundnes ligg på ei slak hylle om lag 100 meter inn og opp frå strandkanten, med det meste av innmarka i ein bratt bakke mellom tunet og stranda. Det har vore dyrka, og i dei seinare århundra beita i skråningane ned mot fjorden i sør og nord for tunet. Flata nordaust for tunet har vel helst vore utmarksbeite i gamal tid, noko som namnet Geildalen kan tyde på.

Osmundnes (Gnr. 34) har hatt fleire eigarar, og fredinga etter § 15 gjeld bruk 2-5 og 7. Fredinga etter § 19 omfattar heile eller delar av dei same bruka, i tillegg til ein del av bruk nr. 1. Tidlegare var det berre 3 bruk på garden, med bygningane samla i klyngjetunet, før eit av bruka (nr. 2) vart flytta nærare sjøen på 1920-talet. Seinare bruksdeling har mellom anna hatt samband med arbeidet på Fv 615, som stod ferdig i 1978.

Eigarforhold

I følgje matrikkelen er desse eigarar av bruka:

Bnr. 1 Oddvin Kristian Kleppenes

Bnr. 2 Anders John Osmundnes

Bnr. 3 Kristian Normann Morken og Turid Gunnbjørg Morken

Bnr. 4 Geir Olav Hegeroll

Bnr. 5 Geir Olav Hegeroll

Bnr. 7 Statens vegvesen region vest og Sogn og Fjordane fylkeskommune

Reguleringsstatus

På kartet til Gloppen kommune sin kommuneplan 2008 – 2020, vedteke av kommunestyret 12. oktober 2009 (saksnr. 35/09) er Osmundnes markert som LNF-område, medan sjølve tunet er markert med «Andre restriksjoner» (Restriksjonar etter anna lovverk). Det er truleg at kommunen her har tatt omsyn til planane for freding, sjølv om bandlegginga etter kulturminnelova som følgje av det opphavlege fredingsvarslet frå 1992 formelt sett fall bort i 1997. Vidare er eit område sør for tunet markert som område med eigen reguleringsplan. Denne reguleringsplanen (merka som nr. 61 i kommuneplankartet) gjeld rassikring av Fv. 615

(planforslag datert 21. juni 2006). Ein del av fjorden inn mot nausta på Osmundnes er i kommuneplanen sett av til kaste og låssetting.

Forholdet til naturmangfaldslova

Prinsippa i Lov om naturmangfold av 19. juni 2009 nr.100 §§ 8-12 skal leggst til grunn ved offentlig utøving av mynde som berører naturmangfaldet. Riksantikvaren har søkt i Artsdatabankens Artskart og Nauturbasen til Miljødirektoratet for å få fram naudsynt kunnskap for vår avgjerd.

Innafor det freda arealet (sjå kart side 3) er det ikkje registrert sårbare eller trua arter. Det er heller ikkje registrert særskilt verneverdige naturtypar eller naturområde. Fredingsvedtaket vil heller ikkje innebere endring av forhold på staden, og vedtaket er soleis i tråd med «føre var» prinsippet i naturmangfaldslova. Riksantikvaren kan ikkje sjå at fredinga vil påverke naturmangfaldet i negativ meining.

Bakgrunn for fredinga

Tunet sin høge kulturminneverdi vart allereie vurdert på 1980-talet, på bakgrunn av at ein av dei dåverande eigarane ynskte å dele bustadhus frå driftsbygningar. Driftsbygningane skulle følgje med ved eit sal av jorda som tilleggsjord, medan bustadhus og naust skulle nyttast til fritidsfremål. Sogn og Fjordane fylkeskommune uttrykte då uro for at driftsbygningane ville komme til å forfalle. Delinga vart ikkje gjennomført.

Det første varselet om oppstart av freding vart sendt ut av Sogn og Fjordane fylkeskommune i 1992. Framlegg om freding vart sendt på høyring 8. januar 1993, men så stoppa arbeidet opp utan at forslaget gjekk vidare til politisk handsaming. Arbeidet med fredinga vart så tatt opp att av Sogn og Fjordane fylkeskommune i 2010 i samband med prosjektet «Fredingsgjennomgangen» administrert av Riksantikvaren. Eit av måla ved prosjektet var å få ferdigbehandla fredingssaker som ikkje var avslutta.

Utgreiing av saksgang fram til forslag om freding

Sogn og Fjordane fylkeskommune sendte melding om oppstart av freding til eigarar og kommune i brev av 14. februar 1992. Samstundes vart varselet kunngjort i avisene Firda og Firda Tidend. Det kom ingen merknader til varselet.

Sogn og Fjordane fylkeskommune sendte 8. januar 1993 ut forslag om freding av Osmundnes i samsvar med kulturminnelova § 22 nr. 2. forslaget vart sendt eigarar og kommune. Samstundes vart varselet kunngjort i avisene Firda og Firda Tidend.

Det kom 2 merknader til varselet. Desse merknadene har ikkje relevans for saka i dag då eigedomsforholda er endra. Deretter stoppa saka opp.

I 2010 vart fredingssaka tatt opp att. Av di det hadde gått lang tid vart det vurdert at heile fredingsprosessen burde gjerast på nytt. I tillegg såg fylkeskommunen at det kunne vere ytterlegare faktorar som måtte vurderast i forhold til ei freding av Osmundnes. I det første varselet om fredingssak hadde ein ikkje varsla områdefreding etter kulturminnelova § 19, noko fylkeskommunen no vurderte som viktig å ha med.

Varsel om oppstart av freding jf. kml § 22.1

Fylkeskommunen sende den 21. mai 2010 ut nytt varsel om freding til eigarar og kommunen. Varsel om freding vart òg annonsert i avisene Firda og Firda Tidend. I ei tilbakemelding i brev av 5. juni 2010 frå ein av eigarane, Anders John Osmundnes, vart fylkeskommunen gjort merksam på at eigedomstilhøva til dei fem nausta på garden ikkje var korrekt framstilt i varselet. Fylkeskommunen sendte då ut eit nytt varsel om freding for nausta, datert 20. august 2010 der eigartilhøva var korrekt framstilt.

Innkomne merknader til varsel om freding, jf. kml § 22.1

Det kom inn fire skriftlege og ein munnleg merknad til dei to varsla om freding før merknadsfristen gjekk ut:

1. Bergen sjøfartsmuseum skriv i brev av 28. mai at dei har vurdert saka, og ser det som positivt at det maritime miljøet vernast ved å inkludere nausta. Dei oppmodar òg til å ta med eventuelle brygger og vorrar eller andre maritime kulturminne i det freda området.
2. Anders John Osmundnes, eigar av bruk 2 gav i uttale av 21. mai 2010 uttrykk for at han er positiv til fredinga av sommarfjøset, som står i klyngjetunet, og naustet. Han ynskjer ikkje at våningshuset som er flytt ut av klyngjetunet (det nye tunet til bruk 2). skal takast med i fredinga.
3. Statens vegvesen skriv i brev av 4. juni 2010 følgjande "Vi føreset at fredinga ikkje gjev endringar for drift og vedlikehald og eventuelle framtidige utbetringar av Fv 615. Veglova må vera gjeldande for Fv 615."
4. Statens vegvesen skriv i brev av 9. september 2010 følgjande til det nye varselet om freding av nausta. Dei har ingen merknadar "så lenge dette ikkje får konsekvensar for drift og vedlikehald av Fv. 615".
5. Eigarane av ein del av gnr/bnr. 33/1- 5, Kleppenes v/ Oddvin Kristian Kleppenes tok kontakt med fylkeskommunen pr. telefon og gav uttrykk for at det etter deira syn ikkje kunne vere naudsynt å ta med eit så stort område etter kml § 19.

Fylkeskommunen si vurdering av innkomne merknadar til varsel om freding

Det kom ingen merknadar om føremålet med fredinga, ein merknad om freding etter § 15 og dei resterande merknadane var om freding etter § 19.

Merknadar til varsel om freding etter § 15:

I merknaden frå Anders John Osmundnes ynskta han at dei to bygningane på det nye tunet til bruk nr. 2 ikkje skulle omfattast av freding. Fylkeskommunen sin grunngjeving for å ta bygningane med var at dei høyrer med til den historiske utviklinga av garden. Våningshuset har jugendstiltrekk, og var eit døme på auka levestandard på 1900-talet sett i samanheng med "den gamle tida" representert ved våningshusa i klyngjetunet. Fylkeskommunen vurderte saka og nærare undersøking av våningshuset synte at bygningen hadde gjennomgått ein del endringar med omsyn til bygningsdetaljar. Driftsbygninga var av nyare dato. Fylkeskommunen konkluderte med at freding etter kml §15 ikkje var naudsynt. Bygningane ligg innafor den føreslegne områdefredinga etter kml § 19, og fylkeskommunen vurderte det dit at den historiske samanhengen vert tilstrekkeleg ivaretatt slik.

Merknadar til varsel om freding etter § 19 – områdefredinga:

Bergen Sjøfartsmuseum oppmoda om å ta med eventuelle brygger, vorrar eller andre maritime kulturminne i det freda området. Fylkeskommunen har vurdert at området er tilstrekkeleg verna

etter §19. Dei vurderer at dette sikrar at ein kan behalda området i størst mogleg grad som i dag utan nye store inngrep.

Statens vegvesen er i sin merknad oppteken av at fredinga ikkje gjev endringar for drift og vedlikehald samt eventuelle framtidige utbetringar av Fv. 615. Fylkeskommunen har vurdert at drift og vedlikehald i dagens form kan halde fram utan konflikt med fredinga.

Fylkeskommunen gjennomførte etter merknad frå eigar av Kleppenes ny synfaring. Fylkeskommunen fann at det var mogleg å kome eigar i møte med deira ynskje om reduksjon av områdefredinga. Dette grunna av at dei topografiske forholda er slik at inngrep i eller nær tunet på Kleppenes vil ha liten innverknad på bevaring av tunet på Osmundnes. Fylkeskommunen konkluderte med å ta arealet til Kleppenes ut av fredinga.

Fylkeskommunen tok òg ut området som er regulert til rassikringsområde ved Storesvora i Gloppen kommune sin reguleringsplan.

Forslag om freding jf. kml § 22.2

Den 28. februar 2011 kunngjorde Sogn og Fjordane fylkeskommune i Norsk lysingsblad, avisene Firda Tidend og Firda at forslag om at freding av Osmundnes vart lagt ut til offentleg ettersyn i Gloppen kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune, I tillegg vart forslag om freding sendt direkte til alle involverte partar.

I forslaget var merknadane og endringane frå varselet innarbeidd.

Innkomne merknader til forslag om freding jf. kml § 22.2

Det kom inn ein merknad til forslag om freding frå Bjørn Martin Kormeseth. Han er ein av bebuarane på Osmundnes. Uttalen er skriven i samråd med grunneigar Turid Gunnbjørg og Kristian Normann Morken. I brevet av 18. april 2011 frå Kormeseth, Gunnbjørg og Morken skriv dei at dei ynskjer at eit mindre område mellom fylkesvegen og bilvegen opp til tunet blir teke ut av fredinga. Dette av di Morken ynskjer å kunne byggje ein garasje der, dyrke marka og eventuelt plante juletre på området.

Fylkeskommunen si vurdering av innkomne merknadar

Den innkomne merknaden omhandla freding etter § 19 – områdefreding, og det var eit ynskje om at området vart redusert, og at eigar ynskte ei klårgjering av moglege driftsformar. Fylkeskommunen svara eigaren i brev av 28. april 2011. Der vart det gjort greie for føremålet med områdefredinga som er å sikre verknaden av kulturminnet i miljøet og dei vitskaplege interessene som er knytt til det. Kulturlandskapet tunet ligg i, er eit viktig element for kulturminnet, og ein ynskjer å sikre området mot store inngrep som til dømes nye vegar, hyttefelt eller juletreplantasje. Fylkeskommunen uttala at ei freding av området ikkje vil vere til hinder for tradisjonell drift og det er ynskjeleg at området i framtida vert nytta slik det har vore nytta tidlegare.

Oppføring av garasje i området mellom fylkesvegen er etter fylkeskommunen si meining mogleg å få til sjølv om området vert freda. I denne samanheng er det viktig at ein tilpassar bygningens utforming og plassering til terrenget og dei freda bygningane. Storleiken på det freda området vil takast opp til ny vurdering etter at Gloppen kommune har hatt saka til politisk handsaming.

Handsaming i Gloppen kommune, jf. kml §22.3

Forslag om freding og alle innkomne merknader til høyringsforslaget vart 28. april 2011 sendt Gloppen kommune for politisk handsaming i kommunestyret med frist for uttale satt til 27. juni

2011. Då kommunen ikkje rakk å handsama saka innan fristen, fekk dei ny frist til 1. oktober 2011, det vart så gjeve fleire utsetjingar av frist for handsaminga av saka.

Uttale frå Gloppen Kommunestyre jf. kml § 22.3

I møte av 19. desember 2011 gjorde Gloppen kommune fylgjande vedtak:

Kommunestyret i Gloppen er samd i at garden Osmundnes blir verna etter kulturminnelova §§ 15 og 19, under føresetnad av at:

- Det blir utarbeidd ein økonomisk modell som i større grad sikrar statleg finansiering av fredinga utan at grunneigarane blir skadelidande
- Det blir gjennomført ei betre kartlegging av natur- og kulturlandskapet før området blir formelt freda.

I tillegg oppmodar kommunestyret om at arbeidet med forvaltningsplan blir sett i gang med ein gong etter at fredinga er vedteken.

Fylkeskommunen si vurdering av Gloppen kommune sitt vedtak

Gloppen kommune hadde to føresetnader for å støtte fredingssaka.

Den første gjeld økonomiske vilkår knytt til istandsetjing av eigedomen. Når det gjeld vedlikehald av ein freda eigedom er det eigar som har ansvaret for sin eigedom. Ved istandsetjingstiltak utover ordinært vedlikehald må det søkjast om dispensasjon frå fredingsvedtaket. Vert det i dispensasjonen sett vilkår som fordyrar arbeidet, skal eigar få heilt eller delevis vederlag for utgiftsauka, jf. kulturminnelova § 15a. Eigar har vidare moglegheit til å søkje om tilskot til å dekke meirkostnadane ved istandsetjing etter antikvariske prinsipp. I samband med ei fredingssak er utarbeiding av økonomiske modellar ikkje ein del av saksutgreiinga, og det er heller ikkje vanleg å gjere det.

Gloppen kommune etterlyser vidare ei betre kartlegging av natur- og kulturlandskapet som er føreslege freda etter kulturminnelova § 19. Forslag om freding presiserer kva type kulturminne innafør den føreslegne områdefredinga som det er viktig å ta vare på. I samband med fredingssaka utarbeida fylkeskommunen eit dokumentasjonsvedlegg for heile anlegget. Kulturlandskapet vert omtala også her, og der vert det presisert kva type kulturminne innafør det freda området som ein meiner det er viktig å ta vare på for framtida. Vidare er mykje av dei vitskaplege interessene innanfor områdefredinga knytte opp mot det arkeologiske potensiale og moglege automatisk freda kulturminne i området. Arkeologiske undersøkingar av andre gardar i fylket som ligg i eit urørt kulturlandskap, har gjeve mykje ny kunnskap og me vurderer potensialet for funn av automatisk freda kulturminne innanfor områdefredinga som stort. Området har tidlegare vore undersøkt av Høgskulen i Sogn og Fjordane i samband med prosjektet «Kulturlandskap i Sogn og Fjordane, bruk og vern». Der dei mellom anna utarbeida ein rapport for Gloppen kommune i 1992 med 16 utvalde kulturlandskap og kulturmarkstypar. Osmundnes var eitt av dei 16 utvalde områda som vart undersøkt og det er her gjort god greie for kulturlandskapet og dei verdiane som ligg i området. I vurderinga av verneverdien vert det her presisert at «Bygningane saman med kulturmarka gjev området høg eigenverdi, og miljøet er viktig både pedagogisk, kulturelt, historisk og naturvitskapleg. Det er i dag sjeldan å finne gardar der bruka har husa samla i tun og der kulturlandskapet ikkje er prega av moderne drift.» Då området framleis hatt lite kontakt med moderne drift og inngrep er denne vurderinga framleis gjeldande.

Gloppen kommune oppmodar om at det vert sett i gang arbeid med å lage ein forvaltningsplan for Osmundnes. Det har til no ikkje vore uttrykt noko behov eller ynskje frå grunneigarane på Osmundnes om ein forvaltningsplan, og fylkeskommunen har difor vurdert det til at det pr. i dag ikkje er behov for nokon forvaltningsplan. Det er ikkje vanleg å utarbeide forvaltningsplanar for vedtaksfreda eigedomar i privat eige. Forvaltningsplanar for freda bygg i privat eige vert berre utarbeida i dei tilfella der eigar har behov for det. Av dei 64 vedtaksfreda anlegga i fylket er det pr. i dag utarbeida forvaltningsplan for eitt anlegg. Om det i framtida skulle syne seg å vere behov for ein forvaltningsplan for anlegget er fylkeskommunen positiv til at det vert utarbeida. Gloppen kommune hadde ingen merknader til omfanget av områdefredinga. Fylkeskommunen har gjort ei ny vurdering av områdefredinga på bakgrunn av innspelet til Bjørn Martin Kormeseth. Vår konklusjon er framleis den same som vart formidla i brev av 28. april 2011. To av tiltaka, garasje ved fylkesvegen og drift av jorda, kan løysast innanfor områdefredinga. Medan det tredje tiltaket, juletreplantasje, er ikkje ynskjeleg innafor områdefredinga då det vil motverke føremålet med fredinga.

Politisk handsaming i Hovudutval for kultur, Sogn og Fjordane fylkeskommune

Fredingssaka for garden Osmundnes var til politisk handsaming i Hovudutval for kultur 1. februar 2012. Der vart det gjort fyljande vedtak:

Sogn og Fjordane Fylkeskommune støttar framlegg til freding av garden Osmundnes i Gloppen kommune slik dette ligg føre i vedlegg 1.2.

Fredingssak for Osmundnes vart sendt til Riksantikvaren for endeleg vurdering 9. februar 2012.

Riksantikvaren si vurdering

Riksantikvaren støtter fylkeskommunen sine vurderingar i saka.

Vi har forståing for utsegna frå Bergens Sjøfartsmuseum. Det er viktige spor i landskapet som bør takast vare på. Dei viktige elementa i landskapet er tydeleg framheva i omtalen av området og er sikra i områdefredinga.

Statens vegvesen tar atterhald om drift og vedlikehald og eventuelle forbetringar i framtida. Drift og vedlikehald er ikkje problematisk, men endringar må handsamast gjennom ein søknad om dispensasjon. Riksantikvaren oppmodar her til samarbeid og tidlig kontakt med kulturminneforvaltninga slik at behovet for eventuelle endringar kan løysast.

Når det gjeld moglegheit for å oppføre ein garasje innafor det freda området, må kulturminneforvaltninga vurdere plassering og utforming. Saka må handsamas som ein dispensasjonssak.

Også når det gjeld andre merknader som er komne i høyringa, er Riksantikvaren samd i fylkeskommunens vurderingar. Riksantikvaren finn såleis at grunnlaget for å vedta freding er til stades. Osmundnes er eit særst viktige kulturminne. Det er stor semje om at klyngjetunet skal fredast.


Opplysning om klagehøve og tinglysing

Fredingsvedtaket er eit enkeltvedtak som kan klagast til Klima- og miljødepartementet, jf. forvaltningslova § 28. Eventuell klage skal stilast til Klima- og miljødepartementet, men må sendast til Riksantikvaren innan tre veker frå fredingsvedtaket er motteke, jf. forvaltningslova § 29.

Fredingsvedtaket vil bli tinglyst av Riksantikvaren i samsvar med kulturminnelova § 22 nr. 5.

Beste helsing

 Jørn Holme


 Dagfinn Claudius

Vedlegg: Dokumentasjon

Kopi til: Fortidsminneforeningen i Sogn og Fjordane, Vestreim, 6854 KAUPANGER/
 Gloppen kommune, Granavegen 9, 6823 SANDANE/ Klima- og miljødepartementet, postboks
 8013 dep, 0033 OSLO/ Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger/ Sogn
 og Fjordane fylkeskommune - Kulturavd., Postboks 173, 6801 Førde/ Stiftelsen Bergen
 Sjøfartsmuseum, Postboks 7800, 5020 BERGEN

Mottakarar	Kontaktperson	Adresse	Post
Anders John Osmundsnes			6829 HYEN
Kristian Normann og Gunnbjørg Turid Morken			6713 ALMENNINGEN
Oddvin Kristian Kleppenes			6829 Hyen
Sogn og Fjordane fylkeskommune		Askedalen 2	6863 LEIKANGER
Statens vegvesen, region vest		Askedalen 4	6863 LEIKANGER
Stein Olav Hegerrol		Otto Blehrs vei 33 c	1397 NESØYA